



# Møtereferat

## Administrativ styringsgruppe

<b>Møtedato:</b> 22.06.2018	<b>Møtestad:</b> Møterom Haukedalen, Førde rådhus
-----------------------------	---

<b>Møtt</b>	<b>Ikkje møtt</b>
Ole John Østenstad Solveig Bringeland Stian Jakobsen Ellen Jensen Torill Anita Segtnan Øyvind Bang-Olsen Malin Moldestad  Jan Birger Moe (sak 1-10)	Atle Fasteland Marit Solheim Elin Enebakk Øystein Høyvik

<b>Møteleiar:</b> Ole John Østenstad	<b>Møtereferent:</b> Malin Moldestad
--------------------------------------	--------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	<b>Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 25.05.18</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Gjennomgått og godkjent<ul style="list-style-type: none"><li>Jan Birger Moe uttrykte skepsis til bruk av ekstern aktør ved utarbeiding av ROS-analyse</li></ul></li></ul>		
2	<b>Oppsummering og tilbakemelding</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Møte med HTV og HVO 18.06.18<ul style="list-style-type: none"><li>Godt møte</li></ul></li><li>Møte med prosjektnettverka 13.06.18<ul style="list-style-type: none"><li>Godt møte, Ole John blir tettare kopla på prosjektnettverka etter sommaren</li></ul></li><li>Samling KS Vest administrativt prosessnettverk v/Ellen Jensen<ul style="list-style-type: none"><li>Vi ligg godt an, nyttig utveksling av erfaringar</li></ul></li><li>Arbeidsmøte knytt til KS sitt prosjekt om gevinstrealisering v/Ellen Jensen<ul style="list-style-type: none"><li>Øystein Høyvik og Ellen Jensen deltok i eit telefonmøte om forventningar, innspel til indikatorar og det vidare arbeidet</li></ul></li></ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Prosjektet verka spennande, men framleis ikkje overtydd om deltaking</li> </ul>		
3	<p><b>Oppsummering tilsetting av rådmannen si leiargruppe og leiarar for stab/støtte</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ole John Østenstad orienterte kort om status, arbeidsavtalar blir sendt ut i løpet av dagen</li> <li>• Drøfting av innplasseringsprosessen knytt til dei i «utvalet» som ikkje vart tilsett <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ole John Østenstad har nye samtalar med dei det gjeld</li> <li>○ Viktig at prosessen er ryddig og føreseieleg, avtalte prinsipp og prosessar er gjeldande <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Arbeidsgjevar sitt behov styrar innplassering</li> <li>▪ Utvalsområdet for einingsleiarar er bestemt, og dei som ikkje vart tilsett i «utvalet» til kommunalsjef og leiar for stab/støtte vert ikkje inkludert i utvalsområdet til einingsleiarstillingar</li> </ul> </li> </ul> </li> <li>• Jan Birger Moe ønskjer at arbeidet med å forme stabane startar tidlegare, utgreiing om kva type stillingar og stillingsprosent som er naudsynt i dei ulike stabane. Dette må vere klart innan 01.11.18 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Organisering av stabane vert oppretta som eit nytt administrativt prosjekt under Lise Mari Haugen/Jan Birger Moe</li> </ul> </li> <li>• Det er ikkje tilsett kommunalsjef for barnehage eller kultur, målsetnad om at dei blir tilsett innan første kvartal i 2019</li> </ul>	LMH/JBM  OJØ	
4	<p><b>Korleis skal vi organisere det vidare prosjektarbeidet når leiargruppa er på plass 1. juli v/Ole John Østenstad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei administrative prosjektnettverka består, framleis eitt nettverk for helse og omsorg og eitt for oppvekst trass to kommunalsjefar i ny kommune</li> <li>• Dei tilsette kommunalsjefane og stabsleiarane går inn som leiar i dei administrative nettverka, det er ikkje tilsett kommunalsjef for barnehage eller kultur <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Helge Sæterdal har eit overordna ansvar for arbeidet knytt til barnehage i oppvekstnettverket fram til kommunalsjef for barnehage er tilsett, Helge blir ikkje ein del av den nye leiargruppa</li> <li>○ Trond Ueland har ein midlertidig leiarfunksjon i kulturnettverket fram til kommunalsjef for kultur er tilsett</li> <li>○ Atle Fasteland vert leiar for oppvekstnettverket</li> <li>○ Kristin Bruland held fram som leiar for helse- og omsorgsnettverket</li> </ul> </li> <li>• Administrativ styringsgruppe består <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dei fire rådmennene bør vere med for å sikre kopling til kommunane</li> <li>○ Medlem i den nye leiargruppe vert invitert når det er behov, men blir ikkje faste medlem i administrativ styringsgruppe</li> </ul> </li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Lise Mari Haugen bør kome inn som rådmann i Førde, Ole John Østenstad avklarar dette med henne</li> <li>● Ole John Østenstad kjører parallelle møter med den nye leiargruppa</li> <li>● Kontinuerleg vurdering av organiseringa av prosjektarbeidet, jo nærare vi kjem 2020 jo større rolle vil den nye leiargruppa ha. Administrativ styringsgruppe må òg spissart på sikt <ul style="list-style-type: none"> <li>○ God rolleavklaring og rolleforståing er viktig</li> </ul> </li> <li>● Ole John Østenstad skal utarbeide eit leiarprogram, designe prosessar i 2018, 2019 og 2020</li> </ul>	ØJØ	
5	<p><b>Arbeidet med fullstendig organisasjonskart v/Ole John Østenstad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Prosjektleiar skal vedta organisering av einingsnivået i organisasjonskartet i veke 38</li> <li>● Drøfting av framdriftsplan for arbeidet med organisasjonskartet</li> <li>● Ole John Østenstad lagar ei bestilling til kommunalsjefane og leiar for støtte/stab om kva forventningar dei har til organiseringa av einingsnivået/stabsnivået</li> <li>● Prosessen knytt til høyring av organisasjonskartet må spesifiserast</li> </ul>	ØJØ	ØJØ og JBM
6	<p><b>Prosess knytt til tilsetjing av einingsleiarar v/Ole John Østenstad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Gjennomgang av tidsplan for tilsetjing/innplassering av nye einingsleiarar v/Jan Birger Moe <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Veldig tett tidsskjema. Nye einingleiarar vert tilsett i veke 44, innan 01.11.18</li> </ul> </li> <li>● Møtet med HVO og HTV i september vert flytta fram ei veke <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Øystein Høyvik og Jan Birger Moe avklarar nytt tidspunkt</li> </ul> </li> <li>● Drøfting av tilsettingsprosessen for einingsleiarar <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kartleggingssamtale og kartleggingsskjema vert gjennomført viss det blir større endringar i organisering av eininga</li> <li>○ Forslag om at dei nye kommunalsjefane skal gjennomføre ein kollektiv eller einskild «forventningssamtale» med «uberørte» einingsleiarar om kva forventningar dei har og kva som er forventa av einingsleiarar i Sunnfjord kommune</li> <li>○ Bør få eit signal om dei er interessert i å vere med vidare</li> </ul> </li> </ul>	JBM, ØH	
7	<p><b>Praksis knytt til tilsetjing og permisjonar v/Øyvind Bang-Olsen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Bør prøve å unngå permisjonsordningar, særleg for leiarar er det ein streng praksis</li> </ul>		
8	<p><b>Status bruk av kompensasjonspotten v/rådmennene</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Pengane er ikkje overført til kommunane</li> <li>● Naustdal har engasjert avlastingsressursar som vil gå av potten</li> </ul>		

9	<p><b>Drøfting med HTV – rutine for ferie</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jan Birger Moe orienterte om personalnettverket sitt forslag til rutine for ferie, og ønsker avklaring knytt til: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Forslag om å telje 5 feriedagar per veke, ikkje seks (inkl. laurdag)</li> <li>○ Rutine knytt til innkalling av arbeidstakar til arbeid i hovudferien, praksis i Førde der arbeidstakar får ei særskild godtgjersle og nye feriedagar.</li> </ul> </li> <li>• Forslaget til rutine for ferie vart drøfta og godkjent</li> </ul>		
10	<p><b>Val 2019</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Jan Birger Moe orienterte om e-post frå departementet med oppmoding om at kommunestyre må vedta endring av valkretsar innan desember 2018 om det skal gjerast endringar før valet i 2019. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det er lite truleg at kommunane vil endre valkretsane før valet i 2019, så det er mindre relevant</li> </ul> </li> <li>• Den nye kommunen har ansvar for å gjennomføre valet i 2019, og Ole John Østenstad ønsker at nokon har eit overordna ansvar for førebuing av valet, som å handtere forslag til lister og liknande <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Jan Birger Moe kallar inn til eit møte med dei ansvarlege for val i kommunane</li> </ul> </li> </ul>	JBM	
11	<p><b>IKT/digitalisering v/Ole John Østenstad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nyttige møte med KS-konsulent Olve Molvik, utfordrar oss på å løfte digitalisering i Sunnfjord kommune med tettare kopling til leiarnivå</li> <li>• Ny avtale med Acos om innbyggjarportal</li> <li>• Arbeid med grafisk profil er godt i gang</li> </ul>		
12	<p><b>Frå politirådsmøte 04.06.18 v/Ole John Østenstad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dag Fiske har kontakta Ole John Østenstad om felles politirådsmøte for Førde, Gaular, Jølster og Naustdal framover</li> <li>• Administrativ styringsgruppe er positiv til dette, men det er avhengig av kapasitet <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ønskje om at Lillian Vassbotten, SLT-kordinator i Førde, har ansvar for samordning</li> </ul> </li> </ul>		
13	<p><b>Søknad om BTI-midlar v/Øyvind Bang-Olsen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Midlar til å samrodne samhandling mellom skule, oppvekst og helse.</li> <li>• Administrativ styringsgruppe har ingen innvendingar mot søknad, men det må støtte opp om eksisterande prosjekt og ikkje medføre eit vesentleg meirarbeid</li> <li>• Leiar i helsenettverket, Kristin Bruland, og leiar i oppvekstnettverket, Atle Fasteland, må ta stilling til om det er</li> </ul>	KB og AF	

	tenleg knytt til ressursbruk og krav om rapportering		
14	<b>Bruk av intranett og prosjektportalen etter sommaren</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dette blir tema i møte i prosjektsekretariatet 29.06.18, Ole John Østenstad blir med i møtet</li> <li>• Prosjektportalen er ikkje tatt i bruk endå og prosjektsekretariatet er usikker på om det er tenleg <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Solveig Masdal Haugsvær har delteke på samlingar knytt til prosjektportalen og vil orientere om det i møtet</li> </ul> </li> </ul>		
15	<b>Eventuelt</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen saker</li> </ul>		

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*